

Reguleringsplan for GS Skodje kyrkje - Olmanngjerdet

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

PlanID 1529 R90

1. Siktemålet med planen

Formålet med reguleringa er å:

- Gjere del av fylkesveg 106 tryggare for mjuke trafikantar med å regulere gang- og sykkelveg
- Leggje til rette for tryggare og meir oversiktlege kryss nord i planområdet

2. Fellesføresegner for heile planområdet

Føresegner som gjeld for heile planområdet:

- Private servituttar
 - Etter planen er vedteken er det ikkje tillate ved private servituttar å etablere forhold som står i strid med desse føresegnene.
- Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)
 - **Terrenghandsaming**
Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mogleg skånsamt og opne terrengsår skal i nødvending grad såast/plantast til.
- Verneverdiar for kulturmiljø/naturmangfald (§ 12-7 nr. 6)
Om det i samband med gravearbeid vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar som kan vere kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.
- Byggjegranser
Der det ikkje er sett av byggjegranser i plankartet er det [veglova](#) § 29 som gjeld som byggjegrænse mot veg.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- *Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)*

- *o_SGS_# (gang- og sykkelveg) skal ha dekke som stettar krav til universell utforming*
- *o_SGS_# skal så langt som råd utformast i tråd med krava for universell utforming for stigning.*
- *Veg, gang-/og sykkelveg avsett til offentleg føremål skal opparbeidast etter nærare detalj- og byggjeplanar som stettar Statens vegvesen/Skodje kommune sine krav til vegbane (bereevne, skråning, dekketype, drenering m.m.)*
- *Om områda skal vere offentlege eller felles (§ 12-7 nr. 14).*
 - *o_SV_# skal vere offentleg veg. Dette gjeld fv. 106 (o_SV_1) og del av Olmanngjerdet og Simengjerdet synt i plankartet.*
 - *Gang- og sykkelveg (o_SGS_#) skal vere offentleg.*
 - *Vegar med prefiks f skal vere felles for dei som soknar til vegane.*
 - *f_SV_5 skal vere felles for dei som bur langs Røane*
 - *f_SV_6 skal vere felles for dei som bur langs Olmanngjerdet*
 - *f_SV_7 skal vere felles for dei som bur langs Simengjerdet*
 - *f_SV_8 skal vere felles for gnr./bnr. 21/57 og 158*

Veg (SV)

o_SV er regulert med breidde 6,5 m; 5,5 m køyrebane med 0,5 m skulder på kvar side. Avkøyrslar til *o_SV* skal utformast slik at det blir god sikt i kryss.

f_SV er regulert med breidde 5,0 m, 4 m køyrebane med 0,5 skulder på kvar side. Avkøyrslar skal utformast slik at det blir god sikt i kryss.

Gang- og sykkelveg (SGS)

o_SGS er regulert med breidde 3 m; 2,5 m asfaltert breidde med 0,25 m skulder på kvar side. *o_SGS* er regulert med 3 m avstand frå *o_SV*. Formålsområdet skal ha god kvalitet på utføringa. Innanfor formålet kan det leggjast ned kablar og leidningar m.m.

Annan veggrunn (SVT)

I området for annan veggrunn inngår skjerings- og fyllingsskråningar, grøntområde, grøfter, murer, stabiliserande tiltak og liknande. Det kan etablerast permanente terreng endringar og nødvendige konstruksjonar innanfor formålet.

Juridisk punkt

Avkøyrslar til gnr./bnr. 21/12 er regulert med juridisk punkt avkøyrslar - både inn og utkøyrslar. Eksisterande avkøyrslar blir vidareført.

3.2 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

Landbruksformål (LL)

LL er regulert til landbruksformål.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone 140 og H220)

Omsynssone frisikt - H140

Ved avkøyrslø skal det sikrast soner for frisikt. I frisiktsoner er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og plantning o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd på 0,5 m over tilstøytane vegplan. Enkeltstående høgstamma tre, stolpar og liknande kan stå innanfor sona.

Omsynssone gul støysone - H220

Innanfor H220 skal det ikkje leggjast til rette for varig opphald.